



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
13.03.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2013/13315 542.1
Dykkar referanse

Nesfossen Smolt AS
Lindåsvegen 1480
5956 Hundvin

Avslag på søknad frå Nesfossen Smolt AS om utviding av løyve til oppdrett av settefisk av laks og aure på lokaliteten Nesfossen

Fylkesmannen avslår søknaden frå Nesfossen Smolt AS om utvida utsleppsløyve for produksjon av laks og aure på lokaliteten Nesfossen i Lindås kommune. Avslaget er gitt i medhald av forureiningslova § 11.

Vi viser til søknad frå Nesfossen Smolt AS av 7. oktober 2013 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 15. oktober 2013. Uttale frå Lindås kommune vart gitt 11. februar 2014 og oversendt frå Hordaland fylkeskommune 12. februar 2014.

Verksemda søker om løyve til utviding av produksjonen frå 216 tonn til 2000 tonn.

Tiltaket er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Etter at søknaden hadde vore ute til offentlig ettersyn er det kome inn ein merknad frå private grunneigarar om bruken av vatnet i Storavatnet og ulemper for grunneigarane rundt vatnet.

Lurefjorden som resipient

Lurefjorden og Lindåspollene er et ca. 50 km² stort fjordbasseng skilt frå omkringliggjande sjøområde av fleire sund. Innløpa og tersklane er både grunne og smale, noko som mellom anna fører til at tidevassforskjellen på 30 cm inne i Lurefjorden er lågare enn utafor.


Dei grunne tersklane fører til at det ikkje blir tilførsel av atlantisk dypvann til fjordbassenget, men at bassenga blir fylt opp av kystvatn. Fjordbassenget er vel 400 m djupt på det djupaste og har eit medels djup i heile bassenget på 116 m. Med tidevassforskjell på 30 cm og to tidevassbølgjer i døgnet, betyr det at det tar 193 dagar å tilføre ei vassmengd tilsvarande volumet i bassenget om alt innstrøymande vatn bytta ut gamalt vatn. Det kan gå mange år mellom kvar gong det skjer ei bortimot total fornying av djupvatnet.

Det er lite avrenning av ferskvatn til Lurefjorden og tilførslene av organisk materiale frå land er små. Dei topografiske tilhøva i fjorden har ført til at fjorden representerer eit unikt økosystem. Dette har påkalla forskarane si interesse for fjorden og den er godt undersøkt på ei rad parametarar.

Sjølv om det er små tilførsler av organisk materiale til fjordsystemet fører svak vassutskifting til reduserte oksygenivå i dei djupare laga i fjordbassenget. Vassutskiftinga er uregelmessig


og det kan gå ti år mellom kvar gong det er full utskifting av bassengvatnet. Det har vore målingar av oksygenivå i bassengvatnet sidan 1980.

Figur 18.
Oksygeninnhold i bassengvannet på 400 m dyp (370 m dyp i desember 1995) på stasjon KJE 6 i Lurefjorden i perioden 1980 – 2013. Grensene for tilstandsklasser er vist.



Figur henta frå resipientundersøkinga i Lurefjorden v/ Rådgivende Biologer AS

Oksygenprofilar frå Lurefjorden syner at oksygenmetninga avtar sterkt med auke i djupne og at denne endringa skjer ved kring 100 m djup.



Figur frå resipientgransking v/Rådgivende Biologer.

Fosforinnhaldet i overflatevatnet i Lurefjorden skil seg frå områda utanfor. Resipientgranskinga (Rådgivende Biologer, Rapport 1775) syner at innhaldet av fosfor (Tot P) er høgare inne i Lurefjorden enn i nabofjordane. Prøvetaking i overflatelaget i Lurefjorden plasserte alle prøvene i tilstandsklasse III. Kystvatnet i Herdla fjorden og Byfjorden har fosforkonsentrasjonar i overflatelaget tilsvarande tilstandsklasse I og i nokre få tilfelle tilstandsklasse II (Resipientoveråking av fjordsystemene rundt Bergen, SAM e-Rapport nr 7 – 2013).

Botndyrfaunaen i Lurefjorden har høg diversitet i dei grunne partia, men med lågare diversitet med aukande djup.

Tabell 1: Tal artar og individ av botndyr ved resipientgranskinga utanfor Nesfossen Smolt i mars 2013 med berekna verdiar for diversitet, ISI artindeks og Ømfintligheit (NQII). Tilstandsklassene er gjevne i romertal i parantes. Frå Rådgivende Biologer AS Rapport 1775.

Stasjon		Antall arter	Antall individer	H' max	Jevnhet J	Hurlberts indeks	Diversitet H'	ISI indeks	NQII
NES 1	A	39	129	5,31	0,89	35,0 (I)	4,73 (I)	8,95 (I)	0,740 (I)
	B	33	219	5,06	0,77	24,0 (I)	3,90 (I/II)	8,38 (I)	0,651 (II)
	Sum	49	348	5,65	0,79	30,4 (I)	4,46 (I)	9,10 (I)	0,696 (II)
NES 2	A	10	26	3,31	0,90	-	3,08 (II/III)	7,20 (III)	0,614 (III)
	B	7	16	2,80	0,93	-	2,52 (III)	6,48 (III)	0,603 (III)
	Sum	12	42	3,57	0,93	-	3,32 (II)	6,91 (III)	0,608 (III)
NES 3	A	6	10	2,58	0,90	-	2,32 (III)	7,84 (II)	0,562 (III)
	B	9	29	3,16	0,76	-	2,40 (III)	7,53 (II/III)	0,594 (III)
	Sum	11	39	3,46	0,76	-	2,63 (III)	8,15 (II)	0,578 (III)

Lurefjorden som marint verneområde

Prosjektet Marine verneområde starta opp i 1995 med 37 kandidatområde i Norge. Miljøverndepartementet oppretta dei tre første verneområda 2013. Vidare framdrift i prosjektet er under vurdering. Lurefjorden og Lindåspollane er eit av dei tre kandidatområda i Hordaland. Grunngevinga for å opprette Lurefjorden som marint verneområde er gitt i rapporten frå rådgjevande utval for marin verneplan: «Råd til utforming av marin verneplan for marine beskyttede områder i Norge» datert 17. februar 2003:

Lurefjorden og Lindåspollene ligger på Lindåshalvøya i Hordaland. Lurefjorden er avgrenset med grunne terskler og sund fra kystvannmassene utenfor. Det er derfor overflatevann fra kyststrømmen som renner inn i Lurefjorden. Dette begrenser transporten inn av fisk som vanligvis befinner seg i dypere vannlag, som kolmule og lysprikkfisk. Biologien i bassenget i Lurefjorden er meget spesiell. En stor dypvannsmanet (Periphylla periphylla) opptrer i store mengder. Mens raudåte er det dominerende krepsdyret blant dyreplankton i norske kyst- og havområder, er det en større arktisk slektning (ishavsåte – Calanus glacialis) som dominerer i Lurefjorden. Landskapet rundt Lurefjorden er et kulturlandskap hvor lynghei utgjør et hovedelement. Lyngheisenteret er etablert for å informere om og fremme opprettholdelse av dette spesielle kystlandskapet.

Lindåspollene er adskilt fra Lurefjorden gjennom to smale sund med grunne terskler. I hovedløpet var det tidligere en sluse som gjorde det mulig å gå gjennom uavhengig av tidevannet. Tidevannsamplituden er ca. 30 cm inne i pollene. Lindåspollene består av tre bassenger. De to ytterste har marine forhold med saltholdighet i bassengvannet på over 30. Det er periodevis anoksisk vann med sulfid i de dypeste partier, men ved vannutskiftning i kalde vintrer kan det være fullstendig vannutskiftning. Det innerste pollavsnittet er adskilt med en lang og grunn kanal. Her er det permanent anoksisk under 15-20 m.

Lindåspollene har en egen lokal sildestamme. Denne var i sin tid hovedgrunnen til oppstart av vitenskapelige undersøkelser på 1960-tallet. Siden har det vært gjennomført en lang rekke vitenskapelige undersøkelser av biologi og økologi. Pga. det kalde bunnvannet finnes mange kaldtvannsarter som gir faunaen et arktisk relikv preg.

Den mest kritiske faktoren for miljøtilstanden i Lurefjorden er oksygenbalansen i djupvatnet. Resipientundersøkingane i fjorden har synt at det har skjedd endringar i fjorden. Det er ikkje slått endeleg fast kva som skapar endringane, men klimaendingar blir teke fram som ei blant fleire forklaringar.

Etter år med dårleg utskifting av djupvatnet i Lurefjorden synker oksygenmetninga djupvatnet til eit kritisk lågt nivå. Med kritisk nivå meiner ein den minste oksygenmetninga som må til for at høgare livsformer skal kunne overleve. Denne grensa ligg på om lag 2 ml O₂ /liter. Slike låge oksygennivå i djupvatnet i fjordbasseng kan vere naturtilstanden i vassførekomsten.

Forskarar som har jobba i området har registrert endingar over tid i retning at av vatnet blir mørkare og kronemaneten *Periphylla periphylla* blir meir dominerande art i økosystemet.

Vassforskrifta

Kravet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal nå målet om minst god økologisk tilstand innan 2021. Naturtilstanden i ein terskla fjord, uansett korleis den er, er per definisjon god økologisk tilstand. Frå naturens side svingar naturtilstanden målt på oksygenmetning i djupvatnet kraftig.

Lurefjorden blir tilført organisk materiale frå naturleg avrenning frå land og frå menneskeskapte tilførsler. Av dei menneskeskapte tilførsleane er utsleppa frå Nesfossen Smolt den største kjelda.

Ein situasjon med registrering av kritisk låge oksygenverdiar i djupvatnet i ein sterkt terskla fjord vil utløyse diskusjon om kva tiltak som må setjast i verk for å redusere utsleppa til fjorden. I dette tilfellet blir det søkt om auka utslepp, medan Fylkesmannen vurderer situasjonen i Lurefjorden til å vere slik at det er naudsynt å vurdere tiltak for å redusere utsleppa til fjorden.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Lurefjorden og Lindåspollane representerer eit unikt økosystem, ikkje berre for Norge. Fjordsystemet representerer eit økosystem som ein ikkje finn andre stader. Verneverdien ligg i økosystemet som heilskap meir ein einskilde artar som lever her.

Kunnskapsgrunnlaget for dette vedtaket er bygd på resipientgranskingar i Lurefjorden, kontakt med forskarar ved Universitetet i Bergen og arbeidet som ligg bak framlegget til marine verneområde. Fylkesmannen vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt.

Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 har som mål å unngå irreversibel skade på naturmangfaldet når kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg. Fylkesmannen meiner det er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til at føre-var-prinsippet ikkje kjem til nytte her.

Fylkesmannen har tatt omsyn til den samla belastninga på økosystemet, jf. naturmangfaldlova § 10. Vi har lagt vekt på kva for kritiske faktorar som kan oppstå og kva konsekvensane vil vere for dette økosystem. Oksygennivået i djupvatnet i Lurefjorden har allereie blitt målt til i

periodar å vere heilt ned mot kritisk grense for levande liv i fjordbassenget. Vi veit ikkje kva sannsynet er for at ein slik situasjon kan kome att, men vi veit at konsekvensane for miljø vil kunne vere svært alvorlege.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at det skal takast særskilt omsyn til naturverdiane i Lurefjorden og Lindåspollane. Resipienten Lurefjorden er svært følsom, og området skil seg frå andre fjordar med omsyn til fleire målte parametarar. Høge verdiar av total fosfor, reduserte diversitetsindeksar og låge oksygennivå i djupvatnet tyder på at Lurefjorden i dag er utsett for tilførsler av organisk materiale som har negativ påverknad på miljøet i fjordbassenget.

Dei målte oksygenverdiane i djupvatnet har blitt målt til å vere svært nær ei kritisk levegrense for høgareståande organismar. I ein slik situasjon er det ikkje aktuelt å auke utsleppa til Lurefjorden. Om det oppstår ein lengre periode utan utskifting av djupvatnet ser vi det som fare for at oksygenmetninga kan bli lågare enn det som blir rekna som kritisk grense. Om dette er sannsynleg er ikkje mogleg å talfeste, men konsekvensane vil bli store for dette særprega økosystemet.

Det har ikkje vore kontakt mellom søker og Fylkesmannen i denne saka når det gjeld utvidinga av utsleppsløyve. Auken er nær ein ti-dobling av produksjonen og ein fem-dobling av utsleppa.

Fylkesmannen avslår difor søknaden om utviding av utsleppsløyvet ved Nesfossen Smolt AS.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjevne i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 4 (lågaste sats), jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemda skal betale 20.600 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at Hordaland fylkeskommune har fatta vedtak etter akvakulturlova.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Kjell Kvingedal e.f.
miljøvernsjef

Tom N. Pedersen
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø